



Agnes Hoshovde Bernes  
Vetåsvegen 161  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1795 - 18/1609

Saksbehandlar:  
Trine Merete Jansen  
TrineMerete.Jansen@radoy.kommune.no

Dato:  
31.01.2018

## Referat frå møte i SU/SMU

### Desse møtte:

Martin Taule Måge, Arve Hagesæter, Solveig Elvik, Helene Fjermestad, Marit Hornnes, Solfrid D. Lunde (vara for Marte Klanderud), Agnes Hushovd Bernes og Trine Jansen,

### Desse møtte ikkje:

Andrine Myksvoll Amundsen, Marte Klanderud og Thor Inge Lone

1. Godkjenning av innkalling.
2. Godkjenning av referat frå sist møte.
3. Skulevurdering. Rektor informerer om eit utviklingsarbeid som skulen deltek i, SkoleVFL i regi av utdanningsdirektoratet. Hovedmålet med satsinga SkoleVFL er å realisera strategi om utvikling av felles vurderingskultur på Sæbø skule. Arbeidet med SkoleVFL skal hektast på det arbeidet vi har gjort i samarbeid med PPT og StatPed Vest, kring læringsmiljøet på skulen. PPT og StatPed Vest skal framleis involvera seg i utviklingsarbeidet som skjer vidare på skulen. Målet for arbeidet er å skape ein felles vurderingskultur, som igjen skal virke positivt på elevane si læring og på elevane sitt læringsmiljø. Dette skal bidra til best mulig læringsutbytte for den einskilde elev. SkoleVFL er eit langsiktig utviklingsarbeid som strekkjer seg over til saman to år. Programmet er modulbasert, der ein jobbar med ein modul om gongen. I oppstarten av programmet har skulen jobba med forankring og samkjøring av programmet i personalet.
4. Elev – og foreldreinvolvering. Elevrådsrepresentanten fortel litt om arbeidet som vert gjort i elevrådet, og seier at det akkurat no er særleg fokus på planlegging av «Open kveld». Dette er ein kveld, der elevar og føresette vert invitert til skulen for litt program og sosialt samvær. Det er framleis ein del ting som er litt uavklart. Elles jobbar elevrådet med ulike saker som elevane er opptekne av. Blant anna skuleavis og uteområdet.

Det vert klasseforeldremøte i veke 6. Det er lagt opp til at foreldrekontaktane i dei ulike klassane skal samarbeide med kontaktlærar kring planlegging og gjennomføring av dette møtet.

5. Nettvett og sosiale medium. Skulen er i kontakt med «Barnevakten», og tar sikte på å arrangere ein temadag for elevar i 3. – 7. klasse og ein temakveld for føresette. Dette vert truleg gjennomført av same person frå «Barnevakten». Som ei oppfølging vidare, vonar skulen at ein kan få til ein temakveld for elevar og føresette saman, hausten 2018.  
Fau jobbar parallelt med å utarbeide framlegg til felles kjørereglar for nettbruk for elevane.
6. TL-programmet og val av TL-leiarar. Skulen gjer greie for korleis ein organiserer TL-programmet på Sæbø skule, og korleis ein vel TL-leiarar. Det kjem innspel frå elev, føresette, og tilsette om praksis og erfaringar. Særleg praksis kring val av TL-leiarar er endra den siste tida. Tidlegare vart elevar nominert av medelevar til oppgåva, og ein gjennomførte ei avstemming i klassane. Denne ordninga er avvikla, og erstatta av ei ordning der elevar kan søkje om oppgåva som Tl-leiar. På bakgrunn av søknadane og ei heilskapleg vurdering gjort av pedagogisk personale ved skulen, vert det bestemt kven som skal få tilbod om oppgåva. Tl-programmet stiller ein del kriteria som skulen freistar å følgje. Alle barneskulane i Radøy deltek i trivselleiarprogrammet.
7. Eventuelt. Framdrift og utvikling kring området utomhus vart drøfta. Det er sett av ein million kroner på budsjettet for 2018 til dette. Skulen ventar på eit forslag frå Norconsult om ei stegvis oppgradering, der steg nr. 1 er sett opp mot kostnadsramma på ein million. Elevar og føresette vert involvert så snart vi har motteke forslaget.

Med helsing

Trine Merete Jansen  
Rektor Sæbø skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Agnes Hoshovde Bernes	Vetåsvegen 161	5938	SÆBØVÅGEN
Andrine Myksvoll Amundsen			
Arve Hagesæter	Radøyvegen 364	5938	SÆBØVÅGEN
Helene Fjermestad			
Marit Hornnes			
Marte Kristin Merkesdal Klanderud	Nordre Austmarka 60	5938	SÆBØVÅGEN
Martin Taule Måge	Radøyvegen 968	5938	SÆBØVÅGEN
Solfrid Lunde			
Solveig Beate Elvik	Slettevegen 100	5936	MANGER

**Mottakarar:**  
Thor Inge Lone  
Trine Merete Jansen